

Referat frå 1. møte i kunstutvalet 16.10.2014.

Deltakarar: Ingebjørg Astrup, Brita Skjervheim, Svein Inge Styve, Hilde Skjeggestad, Geir Håvard Bakken, Rebekka Hamre Vassdal, Tiril Netteland Norevik, Marianne Ose Askvik.

Fråvær: Gunnar Ringheim

1. Møtet starta med presentasjonsrunde.

2. Arbeid i eit kunstutval.

Ingebjørg gjekk gjennom tidsplan og målsetjing for utvalet. Informasjon om KORO (kunst i offentlige rom), våre rollar og mandat i dette arbeidet. (Notat delt ut)

Fram til januar skal kunstutvalet ved Hilde skrive ein kunstplan som viser til grunngjeving for prosess, val av kunstnarar, korleis pengane vert fordelt, og vegen fram til konklusjon(ar). Kunstplanen er vår plattform, eit arbeidsreiskap, for vegen vidare i arbeidet vårt.

3. Presentasjon av bygget.

Geir gjekk gjennom ein presentasjon av bygget på storskjerm. Viste bilete av korleis førre bygg såg ut og korleis det nye bygget blir. Det nye bygget er forankra i gamle byggetradisjonar og vil bestå av tre etasjar. Materialar: Det er fokusert på ein treprofil (heiltre), og det er ikkje konkludert på kva tresortar som vil nyttast. Flammebehandla tre er eit av alternativa. Geir viser bilete av «Hjerterommet»/skuletunet (fremstår som eit «amfi»). Det er eit rom som høver til utsmykking av kunst. Biblioteket kan sjåast frå dette rommet. Innandørs vil det bli trepanel på veggane. Golvet: slipt betong, naturstein og tre. Om val av farger inne viser Geir til bileter av gamle tradisjonar og bruk av sterke farger (m.a. rose malning).

Etasjene:

Plan 00U: fellesareal, kantine, idrettshall, felles garderobe lærarar, og undervisning: verkstadshallar, restaurant og matfag, natur og villmark, bygg & anlegg, og tekniske rom.

Plan 01: «Hjerterom»/Skuletun. Her er det tenkt å ha trær i kassar (midt i rommet). Innspel om at allergikarane må vernast. Trær som er «allergifri» kan evt nyttast.

Plan 02: grupperom og undervisningsrom.

Geir føreslår at landskapsarkitekten bør vere med på neste møte. Utvalet er samde i at det er ein god idé. Synfaring ute vert utsett til møtet der landskapsarkitekten er tilstade.

4. Døme på kunst i bygg og landskap.

Hilde gjekk gjennom eksemplar på kunst i offentlege rom.

Kunst utandørs: lyssett tre av Magne Rudjord, skulpturlandskap Nordland: skulptur (hovud) i Eggum, interaktiv fontene av Jeppe Hein.

Innandørs: Veggmaleri av Per Krogh (1931), lysrør med tekst. Jeppe Hein: Kistefjellet av 5 øringar. Anders Tomren: smiley på sjukepleien. Geir Yttervik: maleri på kunstnarens hus.

Edith Lundebrekke: spilevegg og komposisjon av spilar. Gerd Tinglum: kunst på glas. Do Ho So: kunst utanfor regjeringsbygg 6. 50 000 små bronseskulpturar i grønt. Nokre menneske bærer på hellene. Sett ovanfrå: ser ut som plenklattar. Viste fleire eksemplar av kunst frå Do Ho So.

Brita ønskja å vite om lokale kunstnarar er vurdert til prosjektet. Det er ikkje lagt nokre konklusjonar om kva for kunstnarar eller kva slags kunst som kan tenkjast til dette prosjektet, og utvalet stiller seg såleis open for alle innspel.

Kunsten bør visast der alle kan sjå den. Når det gjeld «Hjerterom» er dette eit som når mest fram med kunst då også dei som ikkje jobbar eller er elev ved skulen kan vere.

5. Informasjon om den nye skolen.

Informasjon frå Svein Inge (rektor): fem skoler på Voss blir til to. Ein i dette bygget på skulestadmoen, og ein i sentrum som nye Voss gymnas. På nye Voss vgs vert det om lag 400 elevar og 120 tilsette. Elevar kjem frå heile Hordaland og mange bur på hybel/internat. 50/50 fordeling jenter og gutter blant elevane.

På naturbruk har ein tilbod om landbruk, hestefag, villmark og generell studiekompetanse. På restaurant og matfag har ein tilrettelagt undervisning (6 el), HTA arbeidstrening. Ellers er det tunge yrkesfag. Den nye skolen vil ha vekt på yrkesfagleg utdaning.

Det er tatt utgangspunkt i lokal byggeskikk og det gamle tunet for utforminga av den nye skolen. Arkeologane har vore på plassen og funnet gjenstandar frå 500 f.Kr. Bygget vil dermed stå på historisk grunn. Skulen skal vere miljøskulen i Hordaland. Miljøaspektet skal stå sentralt i materiale og innhald.

6. Aktuelle stader for kunst i bygget

Geir gjekk gjennom bileta ein gong til for at utvalet kunne koma med innspel om kor kunst kan finne stad. «Hjerterom» har høgde på 6.20meter. Store glasvegger i rommet, men framleis grei plass til kunst. Vi såg på profilteikningar av «Hjerterommet» med dei ulike «boksane»/romma som kjem inn i det store rommet på ulike vis. Auditorie-boksen kan vera eit område for utsmykking. Den har størst veggflate, og difor høgst potensiale til kunst på veggen.

Andre aktuelle stader er: Glasveggane, lyssjaktene i taket, golvet, veggene: spileveggar og perforerte (akustiske) veggene.

Fritt verk/skulptur på golvet.

7. Plan vidare.

Neste møte: 18.november frå 11.25 til 14.25. Vi takkar ja til tilbodet frå skolen om lunsj. Landskapsarkitekten vert invitert til dette møtet. Geir sjekkar om han kan legge eit møte til på denne datoен. (med tanke på forholdet reisetid og møtetid)

Materiale til neste møte: Svein Inge har eit fakta-ark med skole opplysningar (Jfr. Pkt 5). Geir har 3d teikningar frå hjerterommet i samsvar med den oppdaterte planen. Landskapsarkitekt presenterer planar, og vi tek synfaring på området. (eller rundt området). Hilde har nokon fleire biletde til i kunstpresentasjonen.